



UNIVERSITETET I BERGEN

KANDIDAT

202

PRØVE

JUS231 0 Obligasjonsrett

Emnekode	JUS231
Vurderingsform	Skriftlig eksamen
Starttid	17.12.2025 08:00
Sluttid	17.12.2025 14:00
Sensurfrist	--
PDF opprettet	28.04.2026 20:23

Seksjon 1

Oppgave	Tittel	Oppgavetype
i	Informasjon	Informasjon eller ressurser
1	Eksamen	Langsvar

1 Eksamen

Oppgave 1

I februar 2021 inngikk John Smith avtale med Altmuligmannen AS om oppgradering av taket på Smith sin hytte på Maurset. I henhold til avtalen skulle shingeltaket byttes ut med glassert takstein, og eksisterende undertak skulle byttes ut med asfaltplater, alt til en fastpris på 650.000 kroner. Ferdigstillelse ble avtalt til 20. mai 2021.

Altmuligmannen AS utførte arbeidet til rett tid, og Smith betalte avtalt vederlag.

I februar 2024 oppdaget Smith en lekkasje langs pipeløpet i hytten. Han kontaktet takstmannen Ellinor Kjerre med sikte på å få avdekket årsaken til lekkasjen. Kjerre foretok relevante undersøkelser, og i rapport datert 1. mars 2024 informerte hun Smith om at det i forbindelse med Altmuligmannen AS' arbeid var blitt lagt for korte blikkeslag rundt pipen og i overgangen til duken, og at dette var årsaken til lekkasjen. Hun estimerte utbedringskostnaden til 30.000 kroner. På spørsmål fra Smith om hva hun mente med «duken», svarte Kjerre at det var lagt en duk som undertak. Smith reagerte på dette i lys av avtalen med Altmuligmannen AS, men Kjerre beroliget Smith med at en duk rent funksjonelt er minst like bra som asfaltplater, og at duk gir et bedre inneklima.

Den 15. april 2024 sendte Smith en reklamasjon til Altmuligmannen AS med krav om utbedring av påviste mangler, dvs. utskifting av undertak og reparasjon av lekkasjen.

I e-post av 30. april 2024 svarte Altmuligmannen AS at «vi påtar oss å utbedre lekkasjen». Videre fremgikk at Altmuligmannen AS var enig i at duk som undertak var i strid med avtalen, men at det ikke kunne bli aktuelt med utskifting av undertaket fordi det ville bli altfor kostbart. Arbeidet var estimert å koste 400.000 kroner. I e-posten ble det forklart at legging av duk i stedet for asfaltplater rett og slett skyldtes en «menneskelig feil». Duk ble brukt på de fleste hus og hytter, forklarte Altmuligmannen AS, og utførende håndverker hadde uten videre gått ut fra at duk var det riktige også på Smith sin hytte. Altmuligmannen AS påpekte også at duk på alle mulige måter var minst like godt som asfaltplater.

Etter sommerferien 2024 tok Smith kontakt med advokat Lopez, som i brev datert 12. august 2024 gjentok kravet om utbedring av påviste mangler.

Da Altmuligmannen AS mottok brevet, tok selskapet kontakt med advokat Ås, som i brev datert 20. september 2024 til advokat Lopez gjentok at Altmuligmannen AS påtok seg utbedring av lekkasjen, men at utbedring av undertaket var utelukket på grunn av de enorme kostnadene forbundet med dette.

I de påfølgende månedene ble det utvekslet en rekke advokatbrev uten at tvisten kom nærmere en løsning. I slutten av januar 2025 informerte Altmuligmannen AS, via advokat Ås, at selskapet anså seg ferdig med saken fordi det nå hadde gått så lang tid etter at selskapet tilbudte utbedring av lekkasjen uten at selskapet hadde fått tilgang til å utføre arbeidet.

Advokat Lopez anbefalte Smith å ta ut søksmål, og i stevning datert 5. mars 2025 ble det fremsatt krav om erstatning for kostnader til utbedring av undertaket og lekkasjen, henholdsvis 400.000 kroner og 30.000 kroner, samlet 430.000 kroner.

I tilsvaret viste Altmuligmannen AS til dato for inngivelse av stevning og anførte at ethvert krav som følge av mangelfull leveranse var foreldet. Subsidiært ble det anført at Altmuligmannen AS ikke under noen omstendighet var forpliktet til å utbedre undertaket og at Smith derfor ikke kunne kreve erstattet kostnader til slik utbedring. Videre ble det anført at forpliktelsen til å utbedre lekkasjen var falt bort som følge av tiden som hadde passert uten at Altmuligmannen AS hadde fått anledning til å utføre arbeidet, og at dette også utelukket erstatning for kostnader til utbedring. Det ble også anført at erstatning for kostnader til utbedring av undertaket var utelukket fordi Smith sannsynligvis ikke kom til å utføre slik utbedring.

I prosesskriv anførte Smith at kravene ikke var foreldet på grunn av erkjennelse. Når det gjaldt lekkasjen, erkjente Smith at han ikke hadde gitt Altmuligmannen AS tilgang til å utbedre lekkasjen så lenge det var uenighet om utbedring av undertaket, men dette kunne ikke ha noen betydning for erstatningskravet, mente Smith. Smith anførte videre at det var uten betydning om han kom til å utbedre undertaket, men erkjente samtidig at han ikke hadde til hensikt å gjennomføre et slikt stort arbeid. Videre fremsatte Smith et ytterligere krav: Hvis han ikke fikk erstatning for

utbedringskostnader, krevde han et prisavslag beregnet til de økonomiske besparelser Altmuligmannen AS hadde oppnådd ved å levere feil undertak.

Altmuligmannen AS erkjente en økonomisk besparelse på 50.000 kroner, men anførte at en slik besparelse ikke kunne ligge til grunn for et prisavslag, og at prisavslagskravet under enhver omstendighet var fremsatt for sent hensett til enten reklamasjonsregler eller ulovfestet rett om passivitetsvirkninger.

Drøft og ta stilling til de rettsspørsmål oppgaven reiser.

Oppgave 2

Vilkår for forsinkelsesrente etter forsinkelsesrenteloven § 2.

Både oppgave 1 og 2 skal besvares. Ved karakterfastsettelsen skal oppgave 1 telle omtrent 2/3 og oppgave 2 omtrent 1/3.

Ordgrense: 4000 ord.

Bergen 17.12.2025

Erik Titlestad Monsen
emneansvarlig

Skriv ditt svar her

Ord: 3819

Oppgave 1

Hovudspørsmålet er om John Smith kan krevja erstatning frå Altmoglegmannen AS for kostnader på 430 000 kroner til utbetring av undertaket og lekkasjen.

Avtalen regulerer ikkje høvet for erstatning, og spørsmålet må løysast med bakgrunnsretten. Etter handverkartenenesteloven § 1 (1) gjeld loven "avtaler" om "reparasjoner, vedlikehold" mellom "tjenesteytere i deres næringsvirksomhet og forbrukere". Ettersom John er forbrukar og Altmoglegmannen er næringsdrivande og dei har inngått avtale om oppgradering av taket på ei hytte, gjeld loven.

Etter hvtjl. § 28 (1) (1) kan Smith krevja erstatning for "tap" som følge av "mangel". Partane er einige om at det føreligg mangel, ettersom Altmoglegmannen godtar å "utbetre lekkasjen" og at dei vedgår at "duk som undertak var i strid med avtalen".

Både lekkasjen og duken er derfor "mangel" etter § 28.

Altmoglegmannen hevdar likevel at erstatningskravet desse manglane bygger på er forelda.

Etter foreldingsloven § 1 (1) gjeld loven "fordring på penger", noko erstatningskravet til Smith klart er. Loven gjeld.

Det følger av fl. § 3 (1) at foreldingsfristen går frå dagen fordringshavaren "tidligst har rett til å kreve å få oppfyllelse". Ordlyden tilseier at fristen startar i det Smith objektivt sett kunne fremma erstatningskravet. For mishaldekrav, er det bestemt i andre ledd at kravet oppstår når "misligholdet inntre". Ordlyden inneber at fristen begynnar å gå frå det tidspunkt mishaldet oppstår. Ein skal sjå første og andre ledd i samanheng, jf. forarbeid. Då er det avgjerande når

Smith kunne kravd erstatning for mishaldet. Det tidspunktet er når han overtok tingen, altså leveringstidspunktet. Foreldingsfristen byrja dermed å gå 20. mai 2021.

Foreldingsfristen er tre år, jf. § 2 og ettersom stemming først blei tatt ut 5. mars 2025 er erstatningskrava i utgangspunkt forelda. Smith hevdar likevel at foreldingsfristen blei avbroten ved erkjenning frå Altmoglegmannen.

Etter fl. § 14 blir foreldingsfristen avbroten viss skyldnaren overfor fordringshavaren "uttrykkelig eller ved sin handlemåte erkjenner forpliktelsen". Ordlyden tilseier at fristen blir avbroten viss Altmoglegmannen aksepterer overfor Smith at det føreligg mangel og grunnlag for krava som bygger på mangelen. Etter ordlyden kan erkjenninga skje eksplisitt eller ved konkludent åtferd.

I HR-2023-93 vurderte Høgsterett om ein entrepenør hadde erkjent erstatningsansvar for manglar. Entreprenøren hadde over lang tid forgjeves forsøkt å utbetra mangelen. Høgsterett kom til at det "etter en objektiv fortolkning" ikkje var "positivt og noenlunde klart", at entreprenøren hadde erkjent ansvaret. jf. avsnitt 72. I vurderinga om det er positivt og noenlunde klart må ein vurdere alle relevante omstende, "herunder kontraktsforholdet og kommunikasjonen mellom partene", jf. avsnitt 52. Det er ikkje avgjerande at fordringens art og omfang er avklart, men er omfanget uavklart talar kan det tala mot erkjenning, jf. avsnitt 48.

Underspørsmålet er om det kjem fram "positivt og noenlunde klart" at Altmoglegmannen har erkjent erstatningsansvar for manglane.

Når det gjeld lekkasjen har dei akseptert at det er ein mangel og at dei skal utbetra han. I tillegg var omfanget av erstatninga også stadfesta av sakkunnig, noko som talar for at det føreligg erkjenning.

Samtidig er vilkåra for mangel og utbetring vesentleg forskjellig frå erstatningsansvar, ettersom erstatning fordrar ansvarsgrunnlag, årsakssamheng og økonomisk tap, jf. avsnitt 49. Når desse vilkåra ikkje er erkjent, men berre at det føreligg mangel og at vilkåra for utbetring er oppfylt, er det ikkje "positivt og noenlunde klart" at erstatningsansvar er erkjent.

Erstatningskravet for lekkasjen er dermed forelda, jf. § 14.

For duken er det klart at Altmoglegmannen har erkjent at det er ein mangel. Samtidig har dei aldri sagt dei vil betala erstatning for han.

På den andre sida erkjenner dei at duken blei lagt der som følge av "menneskeleg feil", noko som indirekte tilseier at dei vedgår å ha vore aktløyse ved plasseringa av duken. Det kjem også fram at dei er kjelda for feilplasseringa. Det føreligg dermed ansvarsgrunnlag og årsakssamheng for erstatningsansvaret.

Vidare var omfanget av erstatningskravet på det tidspunktet kjent til om lag 400 000 kroner, noko som talar for at det er tilstrekkeleg klart.

Når det gjeld kontraktsforholdet står det mellom ein forbrukar og ein profesjonell om eit større byggeprosjekt til ein verdi på mange hundretusen. Profesjonaliteten til tenesteytaren, samt lojalitetsplikta som kan utleiast av hvtlj. § 5 (1) (1) tilseier at ein stillar strenge krav til at ein er tydeleg på kva krav ein aksepterer frå forbrukaren, som er den svake part. Ved tvil om vurderingstemaet er oppfylt, bør tvila gå utover den profesjonelle.

Trass at Altmoglegmannen ikkje eksplisitt har erkjent erstatningsansvar, blir det lagt avgjerande vekt på at han har akseptert at dei var aktløyse, omfanget på tapet var kjent og at det objektivt sett var ein mangel. Når tvila skal gå utover den profesjonell som kunne formulert

seg tydlegare, blir konklusjonen at Altmoglegmannen "positivt og noenlunde klart" har erkjent erstatningsansvar. Ved erkjening løper ny frist frå erkjenninga, jf. § 20.

Erstatningskravet for duken er dermed ikkje forelda.

Subsidiært blir det lagt til grunn at inga av krava var forelda.

Kandidaten vurderer først erstatningskravet for utskifting av duken.

Altmoglegmannen hevdar at erstatningskravet må avvisast, fordi det ikkje er sannsynleggjort at Smith vil utføra slik utbetring. Viss utbetring ikkje kjem til å skje kan ein hevda at det ikkje føreligg noko "tap" som skal erstattast, jf. § 28 (1). Relle omsyn kan og tala for nekting av erstatning for utbetningskostnadar; viss Smith ikkje utbetrar, men held på pengane sjølv kan ein hevda han får ein ugrunna fordel. Hytta fungerer som den skal og han har blitt betydeleg rikare.

HR-2017-515 (3-2) omhandla ein sak om erstatning for manglar ved hyblar. Saksøkar kravde erstatning for utbetningskostnadane som var langt høgare enn antatt verditap på hybelen. Fleirtalet kom til at erstatninga måtte settast ned til verdistigninga på grunnlag av ei misforholdsavgrensing. Mindretalet fann ikkje grunnlag for ei slik avgrensing, og meinte spørsmålet måtte løysast, med heimel i tidlegare rettsprkaisis, ut frå om det var "sannsynlig" at kostnadane ville bli pådratt, jf. avsnitt 53. Fleirtalet tok ikkje stilling til spørsmålet, då utmålinga, som sagt, blei løyst på anna grunnlag.

Underspørsmålet blir om det er sannsynleg at Smith vil gjennomføra utskifting av duken.

Det er klart at Smith ikkje har "til hensikt" å gjera utbetring. Trass at han kan ombestemma seg, talar det faktum at utbetringa er "eit stort arbeid" og at hytta funker like bra med duken som med asfaltplater at han mest sannsynleg ikkje vil utbetra. Han kan leiga inn andre for å gjera utbetringa, men det er inga haldepunkt for at han kjem til å gjera det.

Konklusjonen er at det ikkje er sannsynleg at Smith vil gjennomføra utskiftinga. Han kan dermed ikkje krevja kostandane med rettinga erstatta.

Subsidiært blir det lagt til grunn at erstaningskravet for duken ikkje skal avvisast av den grunn.

Altmoglegmannen hevdar vidare at han ikkje var plikta til å utbetra undertaket. Merknaden må bli forstått slik at Smith ikke kan få erstatning for utbetningskostnadar som utgjør urimelege kostnadar.

Viss kostnadane er urimelege høge, har tenesteytaren ikkje plikt til retting, jf. § 24 (1). Skulle ein få erstatning i slike tilfelle, ville ein i realiteten omgått avgrensinga om retteplikt. Sjøv om ein slik forståing ikkje eksplisitt følger av ordlyden, talar samahengen i regelverket med tyngde mot å akseptera erstatning for urimeleg høge rettekostnadar. Det same er lagt til grunn av Lilleholt.

I HR-2017-515 blir ikkje denne problemstillinga røyrt, men der oppstiller Høgsterett ei misforholdsavgrensing for erstatningsutmåling mellom anna ut frå "sammhengen i avhendingslovens regler", jf. avsnitt 45. Dommen har noko avgrensa overføringsverdi, men viser at det er grunnlag for å nekta erstatning viss det skapar dårleg samanheng i regelverket.

Sjølv om det ikkje følger av ordlyden, blir det ut frå det samla rettskjeldebilde lagt til grunn at utbetningskostnadar ikkje kan krevvast erstatta viss dei er urimeleg høge.

Det avgjerande spørsmålet blir dermed om på kr 400 000 for å retta duken er urimeleg

høge.

Etter hvtjl. § 24 (1) kan forbrukaren krevja retting av mangel, sålenge det kan skje uten "urimelig kostnad eller ulempe" for tenesteytaren. Ordlyden legg opp til ei konkret rimelegheitsvurdering av om dei negative følgene for tenesteytaren med å retta veg tyngre enn forbrukaren sitt behov for retting. Sidan det er eit unntak frå hovudregelen i ein forbrukarlov om retteplikt for tenesteytaren, må terskelen vera nokså høg for å nekta retting.

Kostnadane ved å retta tingen på kronar 400 000 er betydelege, særleg sett i samahengen med at dei utgjer nesten heile verdien på kontrakten samla sett. Samtidig er det eit klart brot på avtalen, ettersom undertaket skulle bytast ut med asfaltplater Som profesjonell tenesteytar er det ein betydeleg svikt frå deira side at det feilaktig blei lagt duk.

På den andre sida er duken reint funksjonelt "minst like bra som asfaltplater". Til og med ga duk "betre inneklima". Det er ikkje opplysningar om at mangelen utgjer ein verdireduksjon på hytta, eller at hytta på noko vis blir mindre attraktiv å bruka som følge av duk-legginga.

I rimelegheitsvurderinga blir det lagt avgjerande vekt på at Smith ikkje har eit sterkt behov for å få mangelen retta og at kostnadane ved rettinga er betydelege. Sjølv om terskelen er nokså høg, er utbetningskostnadane "urimelig kostnad", jf. § 24 (1). Kostnadane kan dermed ikkje krevjast erstattast, jf. ovanfor.

Konklusjonen er at rettekostnadane ved å skifta ut duken ikkje kan krevjast erstatta.

Kandidaten vurderer så erstatningskravet for lekkasjen.

Altmoglegmannen hevdar vidare at når Smith ikkje har tillet at lekkasjen blir retta, kan han heller ikkje krevja kostnadane med rettinga erstatta.

Formålet med retting er at teneste skal oppfyllest i samsvar med kontraktsmessig stand. Når det er klart at det er ein mangel med duken, vil ikkje retting berre av lekkasjen gjera at tenesta er i kontraktsmessig stand. Det er heller ikkje grunnlag for å sjå på det som to separerte avtalar; problemet med lekkasjen oppstod som følge av feil med taket. I ein slik situasjon plikter Smith ikkje å ta imot rettinga.

Rettetilbodet frå Altmoglegmannen avskjerer dermed ikkje erstatningskravet frå Smith.

Konklusjonen er at erstatningskravet for lekkasjen kan krevjast.

Koklusjonen på hovudspørsmålet er at Smith kan krevja erstatning for utbetring til lekkasjen.

Det neste hovudspørsmålet er om Smith kan krevja prisavslag på kr 50 000 for innsparingane Altmoglegmannen hadde oppnådd med å levera feil undertak.

Avtalen regulerer ikkje spørsmål om retten til å krevja prisavslag. Hvtjl. gjeld, jf. ovanfor.

Etter § 25 (1) kan forbrukaren krevja prisavslag viss det føreligg mangel, noko som duken klart er. Når rettekostnadane er urimeleg høge, som dei er her, prisavslaget svare til "mangelens betydning for forbrukeren", jf. andre ledd (2).

Spørsmålet blir om desse utrekningsreglane i hvtjl. § 25 kan supplerast med ein regel om at prisavslaget minst skal tilsvare det tenesteytaren har spart ved å ikkje levera ytinga mangelfri.

Den einaste kontraktsloven som har ein slik regel er bustadoppføringsloven § 33 (2) (3), der prisavslaget skal minst vera det entrepenøren har "spart" ved å levera mangelfull yting. Føresegna bygger på ugrunna vinning-synspunkt; det bør aldri lønna seg for entrepenøren å levera mangelfullt arbeid. Særleg gjeld det kontraktar der det er skeivskap mellom partane, gjerne i ekspertise og ressursar, og det gjeld avtalar som sjeldan har eit mål om økonomisk gevinst.

Dette har overføringsverdi til handverkartenesteloven; for det første gjeld begge lovane tilverka tenesteyting. Derfor er det unaturleg å skulle skilja mellom oppføring av bustad og oppføring/oppgradering av andre gjenstandar. For det andre gjeld begge lovane mellom forbrukar og profesjonell næringsdrivande. I slike tilfelle er det vanskeleg for forbrukar undervegs å kontrollera om tenesteytinga endar i eit mangelfritt produkt. Det har den næringsdrivande fullt herredømme over. For det tredje gjeld begge lovar forbrukarkontraktar som sjeldan har økonomiske formål. Då er det lett at forbrukar ikkje kan påvisa eit økonomisk tap som følge av manglane ved varen. Slik sett kan kontraktsbrot lett stå usanksjonert, jf. Ringmur avsnitt 41. Rettnok er forbrukar avhjelpert ved at han kan få prisavslag etter hvtjl § 25 for ikkje-økonomisk tap, jf. ordlyden, men då må han påvisa konkrete ulemper, jf. Ringmur avsnitt 52. Det er ikkje alltid tilfelle, noko som er illustrerande i vårt tilfelle.

På den andre sida er det berre buofl § 33 som har ein slik regel, noko som talar mot analogisering. Det same gjer det faktum at kontraktslovane er kasuistisk oppbygd, der kvar regel spesifikt gjeld for eit konkret typetilfelle. Slike spesifikke reglar er generelt lite eigna for analogislutningar. Av betydning er det også at høve for prisavslag etter hvtjl er vidt, der ein også får erstatning for ikkje-økonomisk tap. Ein må kunne anta at dei fleste kontraktsbrot dermed ikkje vil stå usanksjonert.

Likskapen mellom forbrukarlovane, omsynet til å sanksjonera kontraktsbrot og forbrukaromsyna regelen i buofl. § 33 bygger på, talar med tyngde for analogislutning. Sjølv om det berre er ein lov som har denne regelen, treff dei reelle omsyna bak regelen såpass godt på hvtjl. at det er adgang for analogislutning.

Utrekningsreglane i hvtjl § 25 kan dermed supplerast med buofl § 33 sin regel om at prisavslaget minst skal tilsvare det tenesteytaren har spart ved å ikkje levera ytinga mangelfri.

Altmoglegmannen hevdar likevel at kravet om prisavslag var sette fram for seint etter reklamasjonsreglar eller ulovfesta passivitet.

Når det gjeld reklamasjonsreglane, er den nøytrale reklamasjonen tvillaust framsett rettidig. Hvtjl inneheld ingen reglar om spesiell reklamasjon ved prisavslagskrav. Det gjer heller ingen av dei andre kontraktslovane. Dermed er det ikkje rettskjeldemessig grunnlag for å oppstilla eit allmenn prinsipp om spesiell reklamasjon ved prisavslag, særleg når ein alltid kan falla tilbake på reglane om ulovfesta passivitet.

Etter dei ulovfesta reglane om passivitet kan krav eller innsigelsar mot krav falla bort ved passivitet. Reglane er allmenne og gjeld uavhengig av reglar om reklamasjon eller forelding. Vurderingstemaet er om kreditor hadde ein særleg oppfordring til å gjera gjeldande sitt krav, jf. artikkelen til Skag. Passivitet er ikkje nok, det er den klanderverdige teia frå kreditor som kan grunnngi at kravet er falle bort, typisk der kreditor veit at debitor i aktsam god tru trur kravet er fråfalle. Terskelen er dermed høg. Om kravet er bortfalle må elles skje etter ei "helhetsvurdering av de konkrete omstendigheter i saksforholdet", jf. HR-2018-383 avsnitt 41.

Underspørsmålet er om Smith hadde særleg oppfordring til å gjera gjeldande prisavslagskravet sitt på eit tidlegare tidspunkt.

Smith kunne kravd prisavslag 15. april 2024, då han sendte kravet om utbetring, men venta

med det til 5. mars 2025, knapt eit år seinare. Tidsperioden er i for seg lang, spesielt når dei faktiske forholda var like klarlagt som når han først kravde utbetring.

Samtidig var det mykje dialog mellom partane det året. Rettnok tok det ein del månadar før Smith svarte på mailen frå Altmoglegmannen 30. april, men det at Smith ikkje svarte før august ga ikkje han grunn til å tru at Smith ikkje ville krevja noko for manglane som Altmoglegmannen alt hadde akseptert. Frå og med svaret i september og fram til og med januar var det mykje kontakt mellom partane om krava, og heller ikkje denne perioden var det klanderverdig passivitet frå Smith. Når Altmoglegmannen seier dei antar å vera ferdig med saka i slutten av januar, saksøkte Smith dei drøyt ein måned seinare, noko som reknast som ganske raskt.

Heller ikkje omfanget på prisavlsaget kan grunngi ein raskare klargjering frå Smith. Rettnok gjaldt diskusjonen gjennom året kravet om utbetring, men når prisavslaget berre utgjorde ein brøkdel av erstatningskravet for utbetningskostnadane, gir ikkje omsynet til debitor særleg oppfordring til smith om å reagera.

I lys av den høge terskelen for at krav fell bort eller ulovfesta passivitet hadde Smith ikkje særleg oppfordring til å gjera gjeldande det prisavslaget tidlegare. Her blir det lagt vekt på at partane hadde regelmessig kontakt, søksmål blei raskt tatt når Altmoglegmannen antok kravet var fråfalle og at kravet var berre på kr 50 000.

Konklusjonen er at prisavslagskravet ikkje er bortfalle ved passivitet. Smith kan dermed krevja 50 000 kroner i prisavslag.

Oppgåve 2

Innleiing

Forseinkingsrenter er ein mishaldeverknad som er aktuell ved forseinka betaling av pengefordringar. Denne oppgåva vil ta føre seg forseinkingsloven (rentel.) § 2 som angir vilkåra for når forseinkingsrenter begynnar å gå etter betalingsmishald. Oppgåva avgrensar mot andre typar rentekrav som saknadsrenter og rentetapserstatning. Andre føresegner i rentel. vil heller ikkje bli kommentert, med unntak for tilfelle der dei seier noko om vilkåra i § 2.

Omsyna bak forseinkingsrenter

Forseinkingsrenter er ein normaltapserstatning. Det vil seia at kreditor får same rentesats, uavhengig av kva tap han faktisk lid. Rentesatsen er høgare enn dei fleste andre renter, og har som formål å disiplinera pengedebitorar til å betala innan forfall.

Ei ulempe med forseinkingsrenter er at ein kan ha legitime innsigelsar mot kravet, men framleis velja å betala kravet fordi den eventuelle byrda med å betala den høge rentesatsen blir for høg. Ei anna ulempe er at det kan bli taktisk å betala krav med atterhald om tilbakesøking viss kravet viser seg å vera grunnlaust. Forseinkingsrenter kjem der inn ved at ein slepper å betala forseinkingsrenter frå når ein betalte med atterhald, sjå Rt. 1998 s. 989 som illustrasjon. Slik kan rentene gjera at spekulasjon lønner seg, noko som ein kan påstå rettssystemet ikkje bør oppmuntra til.

Elles, når forseinkingsrenter skal fungera som normalskadeerstatning, samtidig som satsen er svært høg, kan rimelegheita i dei enkelte tilfella bli nedprioritert.

§ 2

Etter § 2 (1) (1) kan renter krevjast når "kravet" ikkje blir innfritt ved "forfall". Ordlyden "kravet" er vidt og dekker alle moglege pengekrav innanfor "formuerettens område". Det er ikkje av betydning om kravet er omtvista, jf. ordlyden og forarbeid. Viser det seg seinare at du ikkje

hadde medhald i dine innsigelsar mot kravet, må ein betala renter for heile perioden frå forfallsdato. Ein kan ikkje unnskylda seg med rettsvillfaring.

Med "forfall" meiner ein at betalingsdebitor har plikt til å betala kravet. Dette er sjølvst, ettersom forseinkingsrenter er betinga av mishald, og mishald skjer først ved forfall. Forfall kan enten skje ved at det er førehandsfastsett av partane eller ved påkrav. Det er eit viktig skilje, fordi reglane om forseinkingsrenter er ulike.

Førehandsfastsett forfall

Etter § 2 (1) (2) løper forseinkingsrentene "fra forfallsdag" når denne er "fastsett i forveien". Mest typisk følger forfalltidspunktet av avtale mellom partane, men det kan og følga av lov, for eksempel skattelovgivning. For avtalar inneber ordlyden at rentene begynnar å gå frå den dagen partane har blitt einige om at er forfalldag, altså siste dag pengedebitor kan betala fordringen. Viss forfalldagen er avtalt til å vera 1. juli, løper rentene frå denne dag. Etter forarbeida må ein kunne utleia ein bestemt dato for oppgjeret. Er betalingsplikta avhengig av ytre, faktiske hendingar, er ikkje forfalltidspunktet fastsett i forvegen, jf. Rt. 1995 s. 1549. Eit eksempel er der partane er einige om at forfallsdato er når kreditor sendar faktura, men dei held det opent om når faktura skal bli sendt. Då er ikkje forfallsdato fastsett i forvegen; debitor veit jo ikkje når fakturaen kjem.

Påkrav

Viss det ikkje er fastsett forfalltidspunkt på førehand, løper rentene frå "30 dagar" etter kreditor har "sendt" skyldnaren "skriftlig påkrav" med krav om betaling. Renten løper først 30 dagar etter påkrav, fordi påkrav kjem meir uventa på debitor enn viss forfallsdato på førehand er bestemt. Debitor skal altså få til å områ seg, eventuelt ordna betaling for kravet eller sjå om ho kan gjera innsigelsar mot kravet.

Desse 30 dagane gjer også at debitor sjeldan vil vera erstatningsansvarleg for rentetap for kreditor som følge av at ho brukar 30 dagar på å betala. Skulle kreditor kunne kravd rentetapserstatning, for eksempel fordi han må ta opp lån mens han ventar på betaling frå debitor, ville det raskt uthula det vern lovgivar har gitt debitor med desse 30 rentefrie dagane. Kreditor er derfor tilvist til å søka erstatning etter § 3 (3) der terskelen er høg og krev ofte grov skyld frå debitor.

Saknadsrenter er også upraktisk å krevja for desse 30 dagane, ettersom rentetapet for 30 dagar i mange tilfelle vil vera ubetydeleg. Samtidig er det ikkje noko i vegen for å få saknadsrente for desse 30 dagane, så lenge kravet bygger på forhold tilbake i tid, for eksempel ein condicito indebiti-situasjon.

Påkravet må vidare vera "sendt". Ordlyden "sendt" tilseier at dei 30 dagane begynnar å gå alt der kreditor har levert påkravet frå seg. Likevel er det først eit påkrav når kreditor "seier frå" om at skyldnar må betala, jf. gbl. § 5 (1). Dermed er det først når påkravet kjem fram at kreditor "seier ifrå" om at skyldnaren betalar. Men viss påkravet kjem fram etter 10 dagar, og dette ikkje skyldes forhold på kreditors side, jf. andre ledd, har debitor berre 20 dagar på å betala. Dette er eit døme på at rimelegheita kan forsvinna i enkelttilfelle, i bytte mot at reglane er enkle å handheva.

Endå meir urimeleg kan det verka viss skyldnaren kjem i ei ulukke og må tilbringa månadar på sjukehus. Då begynnar uansett forseinkingsrentene å gå 30 dagar etter påkravet blei sendt. Ei slik løysing kan vera urimeleg for skyldnaren, då han ikkje kan klandrast for å ikkje vita om kravet. Samtidig kan ein påstå at ein bør få nokon til å sjekka posten sin viss ein er lengre på sjukehuset. Uansett viss skyldnaren er forbrukar, kan rentene i eit slikt tilfelle fort kunne lempast etter rentel. § 4 bokstav a.

Skiljet mellom påkrav og førehandsbestemt forfall kan bli uskarpt, jf. dømet ovanfor om

faktura. Som sagt er faktura, der fakturadato ikkje fastsett, eit påkrav. Når ein sendar faktura, er det vanleg å gi ein betalingsfrist, for eksempel 14 dagar. Forseinkingsrentene begynnar då å gå 30 dagar etter faktura blei sendt. Viss betalingsfristen er over 30 dagar, for eksempel 40, begynnar ikkje forseinkingsrentene å gå før det er gått 40 dagar. Det skyldes at forseinkingsrenter er ein mishaldeverknad som fordrar mishald. Viss betalingsfristen er 40 dagar etter påkrav er sendt, er du ikkje i mishald før det og dermed treng du ikkje betala renter før 40 dagar er gått.

Vidare må påkravet vera "skriftlig". Ordlyden er i utgangspunktet medienøytral, men etter § 2 (1) (3) følger det indirekte at elektroniske påkrav berre er tillete viss skyldnaren "uttrykkelig har godtatt dette" Med andre ord er det i utgangspunktet ikkje sendt påkrav viss det blir sendt elektronisk. Sjølv om regelen verkar utdatert (og grunngivinga for regelen i forarbeida i dag ikkje lenger er holdbar) er det ikkje grunnlag for å tolka vekk siste punktum. Ei anna sak kan vera at den teknologiske utviklinga gjer at ein kan lempa noko på krava om at skyldnaren har godtatt elektronisk påkrav. Lagmannsretten har i fleire saker gjort dette, særleg der den føregåande kommunikasjonen mellom partane utelukkande skjedde ved E-post.

Forseinking som skyldes kreditor

Endeleg skal det ikkje "svares forsinkelsesrente" viss forseinkinga er oppstått ved "forhold på fordringshaverens side". Ordlyden inneber at der kreditor sjølv er skyld i at betalinga blir forseinka, skal skyldnaren ikkje betala forseinkingsrenter. Regelen kan grunngivast i at forseinkingsrenter er ein mishaldeverknad. Viss kreditor er skyldig i forseinkinga, kan debitor ikkje ha mishalde si betalingsplikt, og då treng han ikkje betala forseinkingsrenter. Eit eksempel er der ein etter avhl. § 4-6 held tilbake ein del av kjøpesummen fordi bustaden er mangelfull. I eit slikt tilfelle skyldes den forseinka betalinga kreditor sjølv, og då kan han naturlegvis ikkje krevja forseinkingsrenter.

Ord: 3820